Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.
Fylke: Möre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.
Herad: Tresfjord

Emne: Beit og brom
Bygdelag: Tresfjordbygda

Oppskr. av: Hans Skeidsvoll
Gard: Skeidsvoll

(adresse): Tresfjord
G.nr. 16 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter minnet.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): kårmann, 80 år.

SVAR

1. Bröt og beit var mykje brukt för. Beit er riset av björk og andre treslag som her seigt ris eller kvistar som helst må hoggast frå med sigd.
Bröt (av bryta) er treslag ein bryt kvistane av fort vekk med henderne.

2. Folk gjekk skjeldan til skogs etter beit eins erend - og her ikkje sers nemning.

3. Her er det vanleg å köyra heim på vinterföret all årsveden - av alle vedslag ein vil ha heim.

4. Sigd eller laujönn er hendigaste reidskapen. Laujönne her kortare blad en sigden men lenger skaft.

5. Beit og bröt er helst kumat. Det var gjeve for seg sjölv slik det var fråhogd.

6. Beita hogde dei frå etter kvart dei brukte, for at ho heldt seg lenger frisk og mjuk når ho ikkje var fråhogd.
(På nedfellt og ihoplagd ved her me namn etter vedsorten: ein björkakåst, orkåst, auspakåst, rågnekåst, skarkåst - men samnamnet: ein veakåst.)

1727

For snart 100 år sidan slepte dei geit og sau ut i tunet dageleg heile vinteren når det var vêr til det. I ruskevêr drog dei inn i fjøsen store skat og greiner av ymse „veasorta" so dei fekk ete og gnage på – og vel gnaga dei.

7. Trur ikkje slikt her vore.

1727

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING